

Energinettverk Nordfjord


Under Nordfjorderådet sin konferanse «Grøn Næringsutvikling» i vinter, kom det innspel og ønske om å etablere ein møtearena for energieffektivisering i offentlege og private næringar.

No legg vi opp til å ta eit steg vidare! Vi tek difor sikte på å starte eit energinettverk i Nordfjord hausten 2018. Tanken er ei kursrekke for nettverket som vil bli gjennomført ulike stader i Nordfjord med planlagt oppstart i oktober 2018. Kursa rettar seg mot energieffektivisering i bygg på tvers av næringar, og det vil bli lagt opp til stor grad av erfaringsutveksling og kompetanseoverføring mellom deltakarane i nettverket. Målgruppa er personar med ansvar for drift av bygg, og det vil vere Enøk-senteret som står for det faglege innhaldet.

Torsdag 30. august inviterer Nordfjorderådet, i samarbeid med Enøk-senteret, til informasjonsmøte om Energinettverk Nordfjord. Det blir to moglegheiter til å delta på møte denne dagen. **I Stryn kl. 0900-1100 i Tingsalen i Stryn kulturhus, og i Måløy kl. 1300-1500 i kommunestyresalen hos Vågsøy kommune.**

Tema på informasjonsmøtet vil vere :

- Energinettverk Nordfjord; innhald, økonomi og framdriftsplan
- Nettverksstøtte til klima- og miljøtiltak
- Informasjon om kurs for driftspersonell/byggherre
- Informasjon frå Enova om tilskotsordningar for:
 - Energiledelse Industri/Transport
 - Bygg og eigedom
 - Industri og anlegg
 - Energisystem
 - Maritim Transport
 - Landtransport



Vel møtt!

